

Opp til 60 på skitrening

13.12.2012



Ingebjørg og Solveig får 30 000 til skigruppa (Foto: Kristian Hus/HusnesNett)

Då Ingebjørg og Solveig Haugland takka for 30 000 kroner til skigruppa på Husnes onsdag kom dei med eit oversyn over det gruppa driv med som dei frammette vart imponerte over. Dei opplyste at gruppa det siste året har hatt veldig god rekruttering og godt oppmøte på trening, I ei vanleg veke har dei 4 felles treninbgar. Det er eit godt treningsmiljø og det er alltid kjekt å komme på treningar. Dette gjer at mange møter og og i løpet av ei veke er dei oppimot 60 personer som er med, fortalte jentene. Dei heldt fram slik:

- På måndagstreningsa samlast vi i hallen og har styrke. Då kjem helst born og unge. Nokre måndagar har vi vore over 40 på trening. Dette er aldersgruppa 8-17 år. Det er ei inndeling i 3 grupper for at alle skal få ei god trening. På slutten gjer vi noko i lag, noko som er viktig for samhaldet.

På tysdagane er unge og gamle samla for å springa intervall og då er aldersskildnadn frå 10 til 70 år.

I år har det vore på feire samlingar i lag og der har vi hatt det kjekt og lært mykje, Sist sommar var nokon av oss på skiskule på Lillehammer der vi vart kjent med andre skiskuledommar og fekk trenna med kjende skiløparar. Ein av dei var Emil Hegli Svendsen.

I oktober hadde vi ei treningsamling i Uskedalen med over 40 unge og vaksne. Slike tiltak er miljøskapande og veldig kjekke. Dette er viktig også for å motivera flest mogeleg til å fortsettja, understreka Ingebjørg og Solveig.

Av Ola Matti Mathisen



Pål Haugland gjer ein kjempejobb med dei unge og her er han saman med Kari Bråtun og Ingebjørg Haugland (Foto privat)